

1000 i dag og 1500 imorgon?

02.08.2013



**Kor mange kjem til å fylla dette området (biletet) under dei 2 konsertane?
1000 i dag og 1500 imorgon lyder prognosa til Festivalen-leiar Bjørn
Olav Tveit.**

**Det må vel karakteriserast som eit relativt nøkternt anslag.
I alle fall er det meste klårt i arenaen no i morgontimane.
Alle installasjonar er på plass og lydprøvene i gang. Til og med sola
er med på laget og alle håpar at dei relativt drastiske nedbørsprognosane
sleg feil.**

Arrangørane er godt teknisk rusta foran konsertane. Det gjeld ikkje minst scena, som er installert av Vest Lydservice frå Stord og Avab frå Bergen. Hovudscena er på knapt 100 kvadratmeter og sidescena av omtrent den same storleiken. Dermed har banda større plass å boltra seg på enn tidlegare under Festivalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen